

BYGGESKIKK – tillegg til Rettleiar for Bykle kommune med utgangspunkt i Hovdenområdet

Rettleiaren, utarbeida i eit samarbeid mellom Bykle kommune og Norsk Form på slutten av 1990 talet, skildrar kva god byggeskikk er og grunnleggjend kvifor det er særskild viktig for Bykle kommune å leggje prinsippa i rettleiaren til grunn for utviklinga i kommunen. Rettleiaren har eit hovudfokus på mindre bygg, men seier at det som står om landskap, tomteplassering, form og stil stort sett også gjeld for større bygningar. Dette er eit tillegg til rettleiaren som gjer konkrete retningslinjer for både mindre og større bygg.

Rettleiaren seier at i turistanlegg med større bygningsmassar så må byggja delast opp og ingen bygningar bør ha meir enn to høgder pluss loft. I gjeldande planar er det mange stader lagt til grunn ei langt høgare utnytting. Enkelte stader er det høve til å føre opp bygningar med opptil 6 høgder. Slike større bygg der dagens konvensjonelle byggeteknikk leggst til grunn, utfordrar prinsippa i byggeskikkrettleiaren. Dette er det allereie mange eksempel på.

Eit hovudprinsipp for alle bygg må være at dei skal underordna seg naturen og landskapet, særleg ved fjellområder og på høgder i terrenget.

Type bygg	Plassering og terrengtilpassing (Rettleiar side 9-14)	Høgder (Rettleiar side 12-13)	Form (Rettleiar side 13)	Tak (Rettleiar side 14)	Materialar (Rettleiar side 15-16)	Farger (Rettleiar side 16)
Mindre bygg (sjå Rettleiaren) Bustader, fritidsbustader, gardsanlegg, garasjar mv.	Plasserast med omsyn til eksponering i landskapsrommet. Tradisjonelle rekketun der husa ligg i ei eller fleire rekkjer langsetter et ofte bratt landskap, er eit godt førebilete. Unngå store terrenginngrep. Plassere bygg slik at ein unngår store synlege landskapssår. Fundament og uteareal bør gli naturleg inn i terrenget med god plassering ut frå sol, livd, ver og vind. Uteopphaldsareal bør tilpassast bygning og terreng.	1-2 høgder. Andre høgder kan vurderast i særskilte tilfelle der det vil gje ei god tilpassing til staden. Til dømes sokkeletasje i bratt terreng.	Langsgåande rektangulære bygningsformar er å føretrekke. Form og storleik må tilpassast terrenget. Bygga bør ha enkle formar ut frå særtrekka i byggeskikken i området. Rektangulære bygningsformer er døme på dette. Det er tradisjonelt smale bygg utan store gavlar og fleire mindre ulike bygg sett saman.	Saltak er den tradisjonelle takforma. Dette er ei takform som ofte er å tilrå. Tradisjonelt er den mellom 25 og 35 grader og mønet er plassert i lengderetninga til terrenget. Andre takformer kan nyttast der det gir ei god tilpassing til staden.	Solide og varige materialar. Materialar som ikkje gjer seg ut for å vera nok anna enn det dei er, til dømes tre eller stein. Til dømes har ikkje villmarkspanel rot i tradisjonell byggeskikk. Andre materialar må ha matte overflater. Unngå bruk av plast- og kunststoffmaterialar.	Materialanes eigenfarge eller naturfarger/jordfargar. Sterke fargar bør ikkje brukast. Tradisjonell fargesetting kan nyttast spesielt for gardstun. (ubehandla, raudt eller kvitt) Det må ikkje brukast reflekterande og sjølvlysande/skarpe fargar materialar eller fargar.
Store bygg Næringsbygg, fritids og turistformål, leilighetsbygg, industribygg mv.	Det er viktig å finne dei rette tomtene for plassering av større bygg, i samsvar med rettleiaren. Dette arbeidet gjerast først og fremst i samband med kommune- og reguleringsplanarbeidet. Store bygg utanfor definerte industriområder må ha høgare krav til plassering og utforming. Store terrenginngrep og store utflytande asfaltflater rundt bygg må unngås. Sår i naturen må tilbakeførast til grønt eller natur.	Tilrår maksimalt 4 høgder/etasjar. Høgdene for bygg på den enkelte tomta må vurderast ut frå eksponeringa i landskapet.	Langsgåande rektangulære bygningsformar er eit førebilete også for store bygg. Byggets dimensjonar er særskild viktig. Høgde og breidde må ha eit bevisst forhold til tomta og landskapet, tilpassa menneske og funksjon. For store bygg kan også tradisjonelle rekketun der husa ligg i ei eller fleire rekkjer langsetter landskapet være eit godt førebilete.	Har bygget gode dimensjonar og god plassering i terrenget kan bygget ha ulike takformer og takvinklar tilpassa omkringliggende bygningar.	Naturmaterialar som tre og stein er å føretrekke. Andre materialar må ha matte overflater. Unngå bruk av plast- og kunststoffmaterialar. Utafor næringsområde bør dei ta omsyn til omkringliggende bygg.	Materialanes eigenfarge eller naturfargar/jordfargar. Det må ikkje brukast reflekterande og sjølvlysande/skarpe materialar eller fargar.

BYGGESKIKK – eksemplar på vanskelege høve i Bykle kommune

Nokre eksemplar på større bygnader i kommunen som utfordrar prinsippa i byggeskikkrettleiaren.



Bygg med silhuett der takets form ikkje er utforma i forhold til landskap. Byggets høgde og form har dermed ikkje noko forhold til landskapet omkring. Bygningane har og ein materialbruk som verkar framand.



I den sydlegaste delen av Hovden sentrum finn vi mange ulike bygg på eit lite område. Bygga er plassert på store utflytande asfalterte flater og har få samanbindande homogene karaktertrekk som kan gi staden ein god heilskap. Nokre av bygga har ikkje god kvalitet og skala, eit døme er den tidligare ICA mat butikken.

BYGGESKIKK – gode eksemplar – moglege utbygnadsprinsipp i Bykle kommune

Eit hovudprinsipp for alle bygg må være at dei skal underordna seg naturen og landskapet, særlig ved fjellområder og på høgder i terrenget.

Nokre eksemplar på bygg som vidarefører stadens landskapsformar:



Et multi-kultur og aktivitetsbygg beliggende i Sveits, tegnet av Voltolini architectures SARL & Jean Paul Chabbey. Bygget er dekket med rustfrie stålplater som danner et spill av skinnende og matte flater som samhandler og reflekterer omgivelsene. Takets form gir en lekfull dialog med det fjerne landskapet og den fjellrike "skyline" som er karakteristisk for dalen.



Et annet norsk eksempel på er Trollveggen Besøkssenter tegnet av Reiulf Ramstad Arkitekter. Her er det benyttet matt trekledning mot reflekterende glassflater og der byggets takformer spiller opp med landskapet omkring.

Andre bygg underordnar seg stadens landskapsformar:



Til venstre:
Skolebygg frå St-Maurice i Sveits teikna av Graeme Mann & Patricia Capua Mann
Bygget ligg lavt og horisontalt, slik at fjell landskapet får dominere omgivnadene.

Til høgre:
Bygnaden til høgre er eit vedlikehaldssenter for lastebilar frå Frankrike, teikna av Raum arkitektar Bygnaden ligg lavt og er knytt til terrenget både i form og materialbruk.



Bygg som ligg med silhuett og dannar eit nytt landskap:



Bråtejordet skole utenfor Oslo teikna av White arkitekter frå Sverige.



Geodetisk jordobservatorium i ny-Ålesund teikna av LPO Arkitekter.

Bygg som ved material- og fargebruk glir inn i sine omgivelser :



Til venstre:
Hovedkontor for Viken Skog i Hønefoss
teikna av Stein Halvorsen Arkitektar

Til høgre:
Kultursenter i Bad Radkersburg teikna av
Gangoly & Kristiner Architects





Galleri Adde Zetterquist teikna av LPO Arkitekter



Sametinget teikna av Stein Halvorsen arkitekter.




Bygg som tar utgangspunkt i tradisjonell konstruksjon og byggjeskikk:



Hybelbygg utført i massivtre fra Trondheim, teikna av Brendeland og Kristoffersen arkitektur

Til høgre:

Sal Haaker ved Hennie Onstad Kunst senter er teikna av Stein Halvorsen Arkitektur. Bygget tar utgangspunkt i og brukar detaljar frå gamal byggjeskikk i Noreg.



Konstruksjonar og materialbruk nytta ved Tautra kloster, teikna av Jensen og Skodvin arkitektur.



Massivtrefjøs på Toten. Fjøsystmer Bygg/ Terje Strand.



Produksjonshall av Kjell Gilje AS.



Preikestolen fjellstue teikna av Helen og Hard AS. Foto: Emile Ashley



Bygg som er tilpassa staden på ulike vis



Hytte teikna av Haga & Grov arkitekter



Hytte teikna av Hoem + Folstad Arkitekter



Hytte teikna av Tysseland arkitektur as



Hytter teikna av div. A arkitekter



Fjellhytte, teikna av Carl Viggo Hølmebakk



Einebustad teikna av Ratio Arkitekter AS/ Stein Stoknes arkitekt



Einebustad teikna av Arkitekt August Schmidt AS



Einebustad Villa Gudbrand teikna av Jensen & Skodvin



Bygg som tar utgangspunkt i gamle tradisjonar og autentiske bygningsdelar

Det er verd å ta vare på dei stadseigne bygnadene i Setersdal. Dei fortel mykje om stadens kultur og identitet, samstundes som ein her har høve til å få eit heilt særprega bygg ved å bruka dei gamle bygningsdelane. På denne måten kan nytt og gammalt forenes i eit og samme bygg og gje tilskot til både byggeskikk, bukvalitet og oppleving.



Endring av bolig i Sveits teikna av Savioz Fabrizzi Architects

Eit anna ekempel på ombygning av gamle bygg der en høver arkitektur med høy kvalitet er denne boligen også fra Sveits, teikna av dei same arkitektane Savioz Fabrixzi Architects.

Nytt og gammalt i ein bustad, Sveits, teikna av arkitekt Peter Zumthor





Ombygnad av uthus med gjenbruk av gamle konstruksjonar og bygningsdelar.
Bygnad frå Sveits, teikna av Savioz Fabrizzi Architectes

